



Lesekroken

Undervisningsopplegg til artikkelen
«Menneskets eldste venn?»



Ulike måtar å forklare ord på

Av: **TUVA BJØRKVOLD**

– Forfatter, ressurslærer for Nysgjerriger og førsteamanuensis ved OsloMet

I ARTIKKELEN «MENNEKETS ELDSTE VENN?» er tre omgrep framheva og forklarte i teksten. Desse står i sirklar på turkis bakgrunn. Dei tre omgrepa er *arktiske strøk*, *Sibir* og *kryssavl*. Alle tre er sentrale for å få med seg innhaldet i artikkelen. Det er fleire måtar å forklare ord på. I desse døma er det gjort på tre forskjellige måtar.

1 Definisjon med forklaringar

I beskrivinga av omgrepet *arktiske strøk* står det fyrst *område langt nord i verda, rundt Nordpolen*. Her er *arktisk* forklart med *langt nord i verda, rundt Nordpolen*.

► **arktisk = langt nord i verda, rundt Nordpolen**

Strøk er forklart med eit synonym, eit ord som tyder omtrent det same, *område*.

► **strøk = område**

2 Synonym på heile omgrepet

I framhaldet av forklaringa står også *kalla Arktis*. *Arktiske strøk* er det same som *Arktis* (noko ein høyrer av at orda er nesten like)

► **arktiske strøk = Arktis**

3 Skrive ei setning med omgrepet

I beskriving av *Sibir* står det i den andre setninga: *Dei nordlegaste delane av Sibir ligg i arktiske strøk*. Her nyttar ein ordet *Sibir* i ei setning der tydinga også kjem godt fram. Det er ein god måte å synne kva ordet tyder.


Jobb saman i klassen med den fyrste ordforklaringa, med *arktiske strøk*. Prøv å jobbe utforskande med at elevane sjølve skal sjå korleis ordet er forklart. Ikkje gje dei svaret med ein gong. Sjå deretter på *Sibir*. Kjenner dei igjen noko frå korleis det fyrste omgrepet blei forklart?

La elevane jobbe saman i grupper med den siste ordforklaringa, med ordet *kryssavl*. Korleis er ordet forklart her, med måte ein, to eller tre?

Svar:

1: *Kryssavl = det å la to ulike rasar få ungar saman (i håp om at avkommet skal arve ulike gode eigenskapar frå foreldra)*. På førehand veit vi at *avl* = å få ungar saman, og å krysse er å pare to ulike rasar, altså er *kryss = to ulike rasar*. Siste del av setninga er ei grunngjeving for kryssavl.

3: Siste setning, *Gjennom kryssavl av hundar kan ein skape heilt nye hunderasar*, er eit døme på ei god setning der ein nyttar orde *kryssavl*. Ho inneheld ikkje ei forklaring.






Lesekroken

Oppgåver til artikkelen
«Menneskets eldste venn?»

Av: TUVA BJØRKVOLD



Menneskets eldste venn?

Foto: ASKE HØYDAL/KARI HÅLAND

Kryssavl
Det er en hund som har vokst opp i et land med mye snø og kaldt vær. Denne hunden kan ikke løpe så fort som andre hunder, men den kan løpe lenger enn de fleste andre hunder. Denne hunden er også svært god til å trekke vognar med last. Denne hunden er også svært godt til å hjelpe med å gjøre opp huse og boder.

Sibirsk hund
Denne hunden er også svært god til å trekke vognar med last. Denne hunden er også svært godt til å hjelpe med å gjøre opp huse og boder.

Eldgammel ulv
33 000 år siden

Hunden «Zharkov»
9500 år siden

Grønlandshund

Alaskansk malamute

Sibirsk husky

Spørsmål
• Hvordan kan hundar hjelpe med å gjøre opp huse og boder?
• Hvordan kan hundar hjelpe med å gjøre opp huse og boder?

Kryssavl
Det er en hund som har vokst opp i et land med mye snø og kaldt vær. Denne hunden kan ikke løpe så fort som andre hunder, men den kan løpe lenger enn de fleste andre hunder. Denne hunden er også svært god til å trekke vognar med last. Denne hunden er også svært godt til å hjelpe med å gjøre opp huse og boder.

Eldgammel ulv
33 000 år siden

Hunden «Zharkov»
9500 år siden

Grønlandshund

Alaskansk malamute

Sibirsk husky

Spørsmål
• Hvordan kan hundar hjelpe med å gjøre opp huse og boder?
• Hvordan kan hundar hjelpe med å gjøre opp huse og boder?

1 Kva for jobbar kan hundar gjere? Jobb saman.

- a) Kva for type jobbar kan hundar gjere?
Lag ei liste.
- Eksempel: Sporhund
- b) Skriv etter kvar type jobb kvifor hundar er gode til denne typen jobb.
- Eksempel: Ein sporhund er god til å kjenne igjen lukter.



2 Korleis er ordet forklart? Jobb saman.

- a) Les forklaringa på kva *kryssavl* er.
- b) Korleis er ordet forklart? Har dei nytta definisjon med forklaringar, synonym eller skrive ei setning med ordet? Grunngje svaret.
- c) Forklar *kryssavl* sjølv med å skrive ei ny setning der de nyttar ordet.



3 Detektivlesing

- a) Korleis ser ein slede ut?
- b) Kva for kjenneteikn har trekkhundar?
- c) Kva er beviset for at menneske har hatt trekkhundar mykje lenger enn 3000 år?

